

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021

Avrøysting

Innstillinga punkt 1-6 vart samråystes vedteke.

Innstillinga punkt 7 og 8 vart vedteke mot 5 røyster (H og Frp).

Vedtak

1. Fylkesutvalet ser det som positivt og viktig for planlegginga i kommunen at Gloppen no får ein oppdatert arealdel til kommuneplanen med føringar for ønska utvikling.
2. Utviklingsplanen for Vestland sitt mål 2 set klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga. Fylkesutvalet meiner kommunen bør nytte føresegnehene til å setje tydelegare vilkår som legg til rette for gode klimaomstillingstiltak.
3. Kulturminne og kulturmiljø er ikkje-fornybare ressursar som skal takast vare på i ei heilskapleg miljø- og ressursforvalting. Planframleggget tek i stor grad omsyn til kjende kulturminne og kulturmiljø ved nye arealføremål. Fylkesutvalet meiner likevel at planen i større grad må sikre freda og verneverdige bygg og kulturmiljø gjennom føresegner og omsynssoner. Dette er nærmere skildra i høyringsfråsegn (vedlegg 5) vedlagt saka.
4. I føresegnehene pkt. 4.8 *Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner* tilrår vi at det vert inkludert følgjande tekst: *Alle tiltak skal planleggast og gjennomførast slik at dei bidreg til å oppnå miljømål for vassførekomstar i samsvar med den regionale vassforvaltningsplanen.*
5. I samsvar med handelsføresegn med retningslinjer for Sogn og Fjordane (2019), kap.1.3. skal avgrensing av sentrumsområde vere fastsett i plankartet til kommuneplanen sin arealdel, eller etter ei planfagleg vurdering kan ein avgrense sentrumsområde i områdereguleringsplan som dekkjer heile sentrum. Vi ber om at dette vert inkludert i planen.
6. Vi vil gi ros til kommunen for eit oppdatert og godt kunnskapsgrunnlag til arealdelen, noko som legg eit godt grunnlag for vurderingane i planen. Særskilt vil vi trekka fram arbeidet med kartlegging og kategorisering av stølar og stølsområde.
7. Vi meiner retningslinjene for dispensasjonshandsaming i LNF a bør trekkast ut frå planføresegnehene, gjerne som vedlegg til dei.
8. LNF- spreidd fritidsbustad. Tal frådelinger til hyttetomtar tillat i perioden bør førast på arealplankartet. Det bør òg tydeleggjera i føresegnehene om føringane for frådeling av hyttetomter er avgrensa til ny utbygging, eller om eksisterande fritidsbustader innafor desse områda også er omfatta av desse føringane.